

## Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.11.2021

**Arve Helle (A)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i E 134 Haukelivegen AS. Utvalet vedtok samrøystes at Helle var inhabil, jf. fvl. § 6 (1) bokstav e) nr.2. Helle deltok ikkje i saksbehandlinga.

**Frank Willy Pedersen Djuvik (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Vestland fylkeskommune syner til vedtak i Stortinget hausten 2020, der Stortinget ber regjeringa om å legge fram sak om at Staten skal overta garantiansvaret for bompengeprojekt på riks- og europavegar, og ber om at dette vert følgd opp på noverande og framtidige lånegarantiar.»

### Avrøysting

Det var 14 medlemmer til stades.

Innstillinga vart vedteke mot 3 røyster (Frp og UA).

Djuvik sitt forslag vart vedteke mot ei røyst (SV).

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin godkjenning, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 931 mill. kr for prosjektet E134 Røldal - Seljestad med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. I tillegg legg vi til grunn 10 % for å ta høgde for anna usikkerheit. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 1 130 mill. kr.
2. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 23 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av gjennomsnittstaksten med inntil 20 pst. og ein forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år. Garantien gjeld inntil bompengeselskapet si gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Garantisten har rett til å sikre garantiane med 1. prioritets pant i bompengeselskapets rett til å krevje inn bompengar.
3. Vestland fylkeskommune syner til vedtak i Stortinget hausten 2020, der Stortinget ber regjeringa om å legge fram sak om at Staten skal overta garantiansvaret for bompengeprojekt på riks- og europavegar, og ber om at dette vert følgd opp på noverande og framtidige lånegarantiar.